



(Foto: Endre N. Neset)

**Hytta som Statkraft bygde på Storhaug i 1975 vil no bli formelt overlatt til ni av dei 18 grunneigarane som er medlemmer i Flatfjell Utmarkslag. Den skal restaurerast og vil truleg bli teke i bruk til sommaren. Utmarkslaget er for grunneigarane på Kjærland, Rød og Ljosnes.**

Den 60 kvadratmeter store hytta ligg 575 meter over havet og var basis for ein radiolink. Den var ein lekk i nettet som vart sett opp for å styra kraftanlegga i Mauranger frå sentralen i Sauda. Men den teknologiske utviklinga gjekk vidare, og kring tusenårsskiftet vart denne formen for kommunikasjon kutta ut. Hytta har difor ikkje vore i bruk i dei seinare år.

Bordkledninga har rotna og må skiftas ut og hytta må også rustast opp på andre måtar. Den inneheld kjøken, soverom, gang og toalett. Inne i hytta har det stått ein 1.000 volts trafostasjon og eit reserveaggregat som ikkje har nokon funksjon lenger. På den andre sida ynskjer grunneigarane sjølv sagt å behalda strumforsyninga, men dei vil supplera den med vedovn.

Hytta går over til grunneigarane i tråd med den opprinnelege avtala mellom dei og Statkraft. I avtala heiter det at den skal tilfalla grunneigarane eller fjernast. Grunneigarane bestemte at dei som var interesserte skulle få overta Storhaughytta og slik blir det.

- Det er 18 medlemmer i utmarkslaget, men halvparten av dei har hytte på fjellet frå før og var ikkje interesserte. Dei ni andre er utan fjellhytte. Det har vore problematisk sjølv for grunneigarane å få hyttetomt i fjellområdet og vi er glad for denne løysinga. No må det settast opp ein turnus for bruken av hytta, seier formannen i utmarkslaget Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no.

Det er vald eit spesielt hyttestyre. Der sit Leif Magne Framnes (leiar). Svein Ottar Rørheim (dugnadsleiar), Nelly Kjærland og Egil Pile.

Mann og mann imellom i Uskedalen har det vore uttrykt ynskje om at Storhaughytta burde overlatast til bygdefolket som eit utfartsmål. Det har mellom anna vore framlegg om eit serveringsopplegg der i helgane og hytta som base for paragliding. Tilhøva for slik aktivitet skal vera framifrå på Storhaug. Men hytta blir altså no for privathytte å rekna.

Bilet-tekst:

Storhaughytta vert no ført over til ni grunneigarar.

**Av Ola Matti Mathisen**